



Tre av dei sju med toppscore var trekt ut og premiert: Fridtjof Lyse Falk, Kaia og Thor inge Døssland og familien Aakre (frå Herøysund).
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Idrettslaget kan notera seg for ein ny familie-suksess: Rebusløpet "Dalen Rundt" er idag 1. mai arrangert for andre gongen. Dette typiske familiearrangement traff midt i blinken. Ettersom 55 einskildpersonar eller grupper gjekk eller sykla er det grunn til å tru at rundt 200 eller ein femtedel av dei som bur i bygda deltok i det strålende veret. Dei fleste av gruppene var nemlig store – dei var typiske "storfamiliar"!

Arrangementet var framifrå trim både for kroppen og hovudet. Ho som hadde ideen, Cathrine Haugland, har her truleg skapa ein klassikar!

– Kjempkjekt, var ein samrøystes dom frå deltakarane.



Undrande gruppe på post nummer fire:
Kva for eit Vestlandsfylke har størst areal?



- Kva vert feira 1. mai? Det var spørsmålet på denne posten ved Bedehuset og det er familien Røstbø (Vidar, Merete, Amalia (9), Tor Andre (8))

Naturleg nok var start og mål på Heio og på dei 5,6 kilometrane var det utplassert ti postar der det vart stilt spørsmål med tre alternativ supplert med ein rebus. Ei lite krevjande hinderløype måtte ein også gjennom før målet var nådd.

og Cecilie(5) som går lett gjennom dette nålauget!

Det var sju grupper/einskildpersonar som fekk full poengscore tiltross for at fleire av spørsmåla (og også einskilde av rebusane) var ganske finurlege og stilte betydelege kunnskapskrav. Her hadde Bjarte Døsland gjort ein god og grundig jobb.

Veit du til dømes kva for eit fylke av Hordaland, Sogn og fjordane og Rogaland som har størst areal? Og var det i 1718, 1814 eller 1905 vi hadde vår siste krig mot Sverige?

Dette var dei sju som fekk full "pott":

Fridtjof Lyse Falk, Kaia og Thor Inge Døsland, familien Aakre, Camilla M. Ripel, Einar Gjertsen med fleire, Aleksander Rebaudo og familien Tveit.

De tre første vart trekt ut og premiært med gåvekort.

Av Ola Matti Mathisen



På Feet var det saftstasjon og den var populær. (Foto: Ola Matti Mathisen)